

Øygarden brann og redning KF



Verksemdsplan 2020



Innhald

1.0	Visjon og innleiing.....	4
2.0	Styret.....	4
3.0	HMS-mål.....	4
4.0	Administrasjonsavdeling.....	5
4.1	Generelt.....	5
4.2	Internrevisjon og leiinga si gjennomgang.....	5
4.3	HMS- og arbeidsmiljøarbeid.....	6
4.3.1	Vernerunde.....	6
4.3.2	Plan og måling av arbeidsmiljøet.....	6
4.3.3	Oppfølging av hms-arbeidet.....	6
4.3.4	Kompetanseheving.....	6
4.3.5	Årssamtale.....	6
4.4	Årsmelding for 2019 Øygarden brann og redning IKS.....	6
4.5	Rekneskap for 2019 for Øygarden brann og redning IKS.....	7
4.6	Statusrapport.....	7
4.7	Driftsbudsjett for 2021 og økonomiplan for 2021 – 2024.....	7
4.8	Revidert investeringsplan for 2020 - 2025.....	7
4.9	Informasjonsmøter - heiltidstilsette.....	7
5.0	Beredskapsavdeling.....	8
5.1	Generelt.....	8
5.1.1	Leiarfora.....	9
5.1.2	Opplæring og øvingar for beredskapspersonell.....	9
5.2	Oppfølging branndokumentasjon.....	9
5.3	Seksjon for beredskap - deltidstyrke.....	9
5.3.1	Fysisk test og helsekontroll.....	9
5.3.2	Årssamtale deltidstilsett.....	9
5.3.3	Ressursplanlegging.....	10
5.3.4	Kjøretrening.....	10
5.4	Utstyr, materiell og stasjonar.....	10
5.4.1	Materialforvaltar.....	10
5.4.2	Dalsneset brannstasjon.....	10
5.4.3	Skogsskiftet brannstasjon.....	10
5.4.4	Ågotnes brannstasjon.....	10
5.4.5	Ø.3.Båt.....	11
5.4.6	Nye kjøretøy.....	11


6.0	Førebyggjande avdeling	12
6.1	Generelt	12
6.1.1	Informasjonsarbeid	13
6.2	Seksjon for hms-tilsyn og opplæring.....	13
6.2.1	Om seksjonen	13
6.2.2	Førebyggjande prosjekt	13
6.2.3	Førebyggjande kampanjar	14
6.2.4	Tilsyn med farleg stoff og HMS-tilsyn med særskilte objekt	14
6.2.5	Brannvernopplæring for barn og unge	15
6.2.6	Fyrverkeri	16
6.2.7	Sal av kurs	16
6.3	Seksjon for feiing og tilsyn med fyringsanlegg.....	16
6.3.1	Om seksjonen	16
6.3.2	Feiing av røykpiper og tilsyn med fyringsanlegg	17
6.3.3	HMS- soteksponering	17
7.0	Møtepunkt	18
8.0	Vedtak	18

1.0 Visjon og innleiing

Øygarden brann og redning KF (ØBR) har som visjon å vere i arbeid for eit branntrygt lokalsamfunn. Det er difor vi går på arbeid kvar dag, og kva si strekk oss mot. Arbeidet er basert på å vere serviceinnstilt, truverdig, real, imøtekomande og lojal.

Vårt primære føremål er å ta i vare kommunen sine behov, plikter og oppgåver slik dei er nedfelt i lov og forskrift vedk. brann- og redningsberedskap, brannførebyggjande arbeid, feiing og tilsyn med fyringsanlegg. Brannokumentasjonen viser korleis føretaket skal vere rusta for å handtere oppgåvene. Andre aktuelle grunnlagsdokument er vedteker, driftsavtale og denne verksemdsplanen.

Verksemdsplanen skal vere eit styringsverktøy på overordna nivå. Kvar avdeling vil ha eigne, meir detaljerte, planar for fleire av sine ansvarsområder. Døme på dette er ein plan for tid og stad for gjennomføring av tilsyn i særskilde brannobjekt. Verksemdsplanen har sitt utgangspunkt i sentrale krav og oppgåver, som kjem fram i vedteker og driftsavtale.



2.0 Styret

Føretaket sitt styre skal bestå av 5 medlemar og 5 varamedlemar, med numerisk varamedlem.

Styret vert vald av kommunestyret sjølv etter følgjande reglar:

- 4 medlemar og 4 varamedlemar vert vald blant kommunestyret sine medlemar eller andre innbyggjarar i kommunen, som kommunestyret vil føreslå
- 1 medlem med varamedlem vert vald blant dei tilsette etter forslag frå organisasjonane

Frå § 8, 4. ledd i vedtektene for føretaket, går det fram at styret skal sjå til at drifta er i samsvar med gjeldande brannokumentasjon, og skal presentere verksemdsplanen for kommunestyret.

3.0 HMS-mål

Hovudmål

ØBR har som mål å ikkje ha personskader på våre tilsette, skade på utstyr og materiell eller miljø, som følgje av vår aktivitet. ØBR skal utvikle helsefremmande arbeidsplassar med fokus på godt arbeidsmiljø, god kommunikasjon, og god fysisk og psykisk helse.

Delmål 1

Dei tilsette skal kjenne til korleis førebyggje skader, som kan oppstå som følgje av arbeid ved ØBR

Delmål 2

Sikre rett bruk og ivaretaking av materiell

Delmål 3

Styrke det sosiale samspelet

4.0 Administrasjonsavdeling

4.1 Generelt

Avdelinga arbeider med strategisk planlegging, økonomi, ROS, internkontroll og personalrelaterte oppgåver. Avdelinga består for tida av brann- og redningssjef, personal- og hmsleiar, og branningeniør. Sistnemnde stilling er delt mellom førebyggjande avdeling (80 %) og administrasjonsavdelinga (20 %). Alle er heiltidstilsett.

Inndeling	Mål for 2020	Måloppnåing
Hovudmål	- Styrke HR-arbeidet, gjennom gode og formålstenlege avtaler med kommunen, og intern kompetanse og kapasitet	
Sentrale oppgåver	- Bistå beredskaps- og førebyggjande avdeling med merkantile oppgåver, og personal- og hmsrelaterte problemstillingar	
	- Saksbehandling og utsending av saker for styret	
	- Administrere heimeside på internett og eiga intranett	
	- Føring av post, arkiv, fråver, ferieplanar, o.l.	
	- Kontaktpunkt opp mot bedriftshelsetenesta	
	- Budsjettarbeid og årsmelding	
	- Statusrapportering til styret	
	- Kontaktpunkt mot Øygarden kommune i beredskaps- og ROS-relaterte spørsmål	
	- Oppfølging og revisjon av interne reglement, retningsliner, arbeidsmiljøundersøking o.l.	
	- Strategisk arbeid knytt til organisering. T.d. brannokumentasjon, samarbeidsavtale m.m.	
- Implementere digitale plattformer for løn for tilsette		
Kompetanse	- Relevant kompetanseheving innan avdelinga sitt ansvarsområde	
	- Delta på intern opplæring av kommunale styringssystemer i regi av Øygarden kommune.	
HMSK	- Gjennomføring av internrevisjon og leiinga si gjennomgang	
	- Vernerunder	
	- Forvaltar system for handtering av uønska hendingar og avvik (RUHA-meldingar)	
Spesielle oppgåver i 2020	- Større gjennomgang av stillings- og funksjonsomtalar, reglement og retningsliner for å samkøyre dei med Øygarden kommune sine tilsvarande dokument.	
	- Implementere ny programvare for avvikshandtering, ressursstyring, saksbehandling og arkiv	

4.2 Internrevisjon og leiinga si gjennomgang

Det skal vere ein årleg internrevisjon av systemet. Personal- og hmsleiar skal gjennomføre samtaler med respektive avdelingsleiarar og brann- og redningssjef, der selskapet sitt internkontrollsystem er tema. Alle avdelingar går rutinemessig gjennom sine prosedyrar. Slik internrevisjon og gjennomgang skal dokumenterast.

I leiinga sin gjennomgang, oppsummerer leiargruppa ved føretaket, internrevisjonen og lager ein plan for oppfølging av punkt som må endrast. Personal- og hmsleiar styrar prosessen.

4.3 HMS- og arbeidsmiljøarbeid

4.3.1 Vernerunde

Vernerundar vert gjennomført i samsvar med oppsett plan, og i samråd med hovudverneombodet.

4.3.2 Plan og måling av arbeidsmiljøet

ØBR har for året 2020 laga ein overordna plan for HMS – arbeidet, med 3 delmål og tiltak, som er direkte knytt opp mot hovudmålet. I tillegg har vi skissert andre faste HMS aktivitetar gjennom året. Planen skal innehald tid for gjennomføring av tiltaka.

ØBR skal bruke formålstenleg kartleggingsverktøy for arbeidsmiljøet. Personal- og hmsleiar er ansvarleg for gjennomføring av målinga.

4.3.3 Oppfølging av hms-arbeidet

ØBR skal sørge for at alle tilsette har tilstrekkeleg kunnskap og ferdigheter i systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid. Ved endringar skal dette implementerast ut i heile organisasjonen. Ved registreringer av uønska hendingar og avvik, skal tiltak informerast ut til hovudverneombod/verneombod.

4.3.4 Kompetanseheving

Planen skal synleggjere lovpålagt opplæring, og kompetanseheving gjennom kurs og seminar. Den skal gjelde for ein gitt tidshorisont.

4.3.5 Årssamtale

Årssamtalen ved respektive avdeling, skal gjennomførast på vårparten. I samtalen, som er mellom overordna og direkte underordna, tar ein opp alt som vedkjem arbeidsforholdet til den einskilde. Både oppgåveløysing, trivsel, sosialt samspel, samarbeid med leiar, kompetanse, fysiske arbeidstilhøve, løn m.m. I etterkant vert det laga ein handlingsplan, som begge partar godkjenner. Samtalen skal vere gjennomført innan 1. juli og oppfølgingssamtale innan 31.12.

4.4 Årsmelding for 2019 Øygarden brann og redning IKS

Dette er eit dokument som skal synleggjere Øygarden brann og redning IKS sine aktiviteter i 2019. Årsmeldinga viser oppnådde mål, hendingar og økonomi for året 2019. Årsmeldinga skal vere inndelt i områder som særleg viser aktivitetsnivået ved ulike avdelingar og seksjonar. Merk at dette er siste årsmelding for det interkommunale selskapet, som per 2020 vart omdanna til eit kommunalt føretak. Føretaket ligg under Øygarden kommune (2020).

4.5 Rekneskap for 2019 for Øygarden brann og redning IKS

Rekneskapen for 2019 skal leggjast fram for styret og godkjennast av kommunestyret innan 01.05.2020, og endringar til kommunalt føretak er implementert.

4.6 Statusrapport

Dette er ei rapportering til styret om status for aktivitetar i verksemdsplanen. Styret får nærare informasjon om framdrift for dei ulike områder som planen regulerer.

Rapportering som hovudregel kvart kvartal.

4.7 Driftsbudsjett for 2021 og økonomiplan for 2021 – 2024

I dette ligg arbeidet med neste års driftsbudsjett, samt økonomiplan for den neste fire-års perioden. Styret får sakene til behandling, og dei vert deretter lagt fram for kommunestyret.

4.8 Revidert investeringsplan for 2020 - 2025

Styret for ØBR IKS vedtok i sak S16/2019 Investeringsplan for 2020 – 2025. Etter vedtak om driftsavtale for ØBR KF vert det behov for å revidere investeringsplanen, og då særleg m.o.t. steg 2 i planen som gjeld utskifting av mannskapsbil og tankbil ved Ågotnes brannstasjon, til fordel for ny mannskapsbil og høgdereskap.

4.9 Informasjonsmøter - heiltidstilsette

For å sikre informasjon, vert det gjennomført fellesmøter for heiltidstilsette kvart kvartal.

Kvartalsvise møter for heiltidstilsette inneheld eit fast punkt om HMS og

Internkontrollsystemet. Personal- og HMS-leiar går gjennom korleis registrerte hendingar

vert følgt opp frå registrering fram til dei vert lukka. Her opnast det opp for dialog om aktuelle tema, hendingar og utfordringar innan HMS arbeidet. Aktuelle tema vert diskutert. Desse møta kjem i tillegg til ordinære avdelingsvise møte.

5.0 Beredskapsavdeling

5.1 Generelt

Avdelinga har ansvaret for all brann- og redningsberedskap, og består av avdelingsleiar, seksjonsleiar beredskap – deltidstyrke og materialforvaltar. Alle er heiltidstilsett.

I tillegg kjem deltidstilsette ved dei tre brannstasjonane; Dalsneset, Skogsskiftet og Ågotnes, samt personell tilknytt Kystverket sitt oljeverndepot. Til saman om lag 60 personar.

Inndeling	Mål for 2020	Måloppnåing
Hovudmål	Arbeide for at avdelinga har den kompetanse, utstyr og ressursar, som trengst for å løyse oppgåvene avdelinga er tillagt.	
Sentrale oppgåver	Gjennomføre opplæring og øving i høve til lov- og forskriftskrav og vedtekne planar planar, samt dokumentere dette på ein etterretteleg måte	
	Arbeid saman med kommunen, for å få eit betre system på samhandling med kommunen der det er aksjonar som går til kommunale eigedomar.	
	Arbeide for å sikre trygge og sunne arbeidsforhold for mannskap	
	Arbeide vidare med implementering av brann-dokumentasjonen (kjøretøy og vaktordning)	
	Arbeide med vidareutvikling av samarbeidet i Vest brann- og redningsregion, og andre lokale beredskapsaktørar, for å utnytte synergjar og kapasitetar på ein god og formålstenleg måte.	
	Ha fokus på HMS m.a. ved aktiv bruk av prosedyreverk og øving/opplæring	
	Søkje avklaring om oppgradering av eksisterande Dalsneset brannstasjon ev. vurdere relokasjon	
	Ta i bruk formålstenleg verktøy for planlegging og gjennomføring av vakter.	
	Vidareutvikle utrykkingsleiarrolla m.o.t. leiarfunksjon	
	Vurdere endringar i vaktoppsett for å sikre betre kontinuitet i vaktutføring for den enkelte	
	Redusere bruken av ekstravakter	
	Byggje lagfølelse i, og mellom, stasjonane	
	Arbeide for å få etablert ein vikarpool/aspirant-korps	
Kompetanse	Sikre at personell har formell og reell kompetanse til å utføre dei oppgåver ØBR vert stilt overfor	
	Revidere øvingsplan	
HMSK	Gjennomføre årssamtalar heiltid og deltid iht. plan	
	Bruke prosedyrar inn mot øvingar og opplæring	
Spesielle oppgåver i 2020	Gjennomføre utskifting av mannskaps- og tankbilar til stasjonane Dalsneset og Skogsskiftet i høve til vedteke investeringsbudsjett.	
	Følgje opp arbeid med ny brannstasjon i Skogsskiftet	

5.1.1 Leiarfora

Samspelet mellom leiarar i beredskapsstyrken er viktig. For å styrke kompetansen blant våre leiarar er det etablert ein plattform der alle med leiarfunksjonar i beredskapsstyrken, kan samlast for å diskutere relevante problemstillingar i høve med utøving av leiarfunksjonen.

5.1.2 Opplæring og øvingar for beredskapspersonell

ØBR skal bruke hensiktsmessig program for å administrere og dokumentere øving og trening for mannskap i beredskapsavdelinga. Tanken er og å nytte programmet til dokumentasjon av formalopplæring og internopplæringa av nye mannskap. Planen er at også prosedyrar og HMS-arbeid er integrert i programvara.

Internkontrollarbeid og fokus er naturleg del i øvingsplanen og øvingane i 2019. Dette vert gjort m.a. ved at vakthavande brannsjef og utrykkingsleiar skal ha høgt fokus på helse-, miljø- og sikkerhet, og at HMS&K prosedyrane, som omhandlar øvingstema, vert inkludert i teoridelen av øvinga.



Øving, varmdykk

5.2 Oppfølging branndokumentasjon

Avdelinga skal følgje opp og implementere endringar i vedteken branndokumentasjon. For 2020 er det lagt opp til innføring av fullt dreierende vaktlag ved Ågotnes brannstasjon i løpet av året. Steg 2 i investeringsplanen gjeld utskifting av storbilane ved Ågotnes, og 2022 er det som ligg i planverket for når også disse bilane skal vere på plass. Avdelinga vil jobbe med dette som mål og starte arbeid med omtalar og førebuing av anbudsprosess.

Igangsetjing av sjølve konkurransen krev budsjettmessig dekning for investeringane.

5.3 Seksjon for beredskap - deltidstyrke

Seksjonen har ansvaret for vaktoppsett, øvingar, kompetanseheving o.a. ved alle tre brannstasjonar. Beredskapsstyrken ved dei tre stasjonane består for tida av deltidstilsette i vaktordning etter plan. Seksjonen vert leia av ein seksjonsleiar i heil stilling.

5.3.1 Fysisk test og helsekontroll

Det blir vist til vedtekne helsekrav for ØBR, når det gjeld gjennomføring av årleg fysisk test. Gjennomføringa skal dokumenterast.

Det blir stilt krav til helseundersøking av arbeidstakarar *før* dei vert tilsett ved beredskapsavdelinga ved ØBR. Den vidare kontrollen er omtalt i helsekrava. Hovudpoenget er å sikre at både arbeidstakar og arbeidsgjevar fyller sine forpliktingar.

5.3.2 Årssamtale deltidstilsett

Årssamtale med deltidstilsette i beredskapsstyrken vert gjennomført individuelt, med fokus på arbeidsmiljø, HMS/K og arbeidstilhøvet i ØBR.

5.3.3 Ressursplanlegging

Seksjonen skal ta i bruk hensiktsmessig programvare for planlegging av vakter.

Det er naturleg å sjå dette i samanheng med tilsvarande verktøy som skal nyttast i kommunen
– Visma Ressursstyring

5.3.4 Kjøretrening

Avdelinga skal ta i bruk system som dokumenterer at alle sjåførarar, inkludert båtførarane, har nødvendig kompetanse gjennom opplæring og trening. Eigen plan for dette ligg føre og skal gjennomførast.

5.4 Utstyr, materiell og stasjonar

Avdelinga disponerer materiell og utstyr, samt stasjonar for store verdiar, og har fokus på at dette skal vere operativt og funksjonelt til ei kvar tid. Dette krev gode rutinar og dokumentasjon, samt rammevilkår i form av stasjonslokalar, som er i tråd med dagens krav for sikker og rasjonell drift.

5.4.1 Materialforvaltar

Materialforvaltaren har som oppgåve å sjå til utstyr, materiell og bilpark ved ØBR. Han er også kontaktperson for tilhøve ved brannstasjonane. I tillegg er stillinga tillagt ansvar for kontroll av Sivilforsvaret sitt materiell lokalisert til Ågotnes. Stillinga er på heiltid.

5.4.2 Dalsneset brannstasjon

Stasjonen har dårleg/manglande løysing for rein/skitten sone. Manglar ved vaskefasilitetar for både klede, utstyr og bilar. Bygget treng til naudsynt innvendig og utvendig vedlikehald. Stasjonen manglar også garasje plass i forhold til antal kjøretøy som er knytt til stasjonen, noko som betyr at eitt kjøretøy no er plassert i eit anna bygg. ØBR sin vurdering er at ein truleg bør vurdere relokalisering. ØBR har meldt sin interesse for deler av areala i det såkalla «West Team-bygget».

5.4.3 Skogsskiftet brannstasjon

ØBR held til i lokale som ikkje er formålstenlege, samt at eksisterande leigeavtale går ut i september 2020. Det har over nokre år vore arbeidd med ny lokasjon for ny brannstasjon. Nå ligg det føre nødvendige reguleringsvedtak, som gjer at arbeidet kan forserast. Det vert arbeidd vidare med planar om ny brannstasjon i Sund, som tentativt skal vere klar i løpet av 2021. Det vert lagt opp til at Nye Skogsskiftet brannstasjon blir sentralt vaskeri for både utrykkingskle og røykdykkarutstyr.

5.4.4 Ågotnes brannstasjon

Ei løysing for rein/skitten-sone på Ågotnes vart utprøvd, men det er nokre utfordringar knytt til dette, som vi må prøve å løyse. Det er også behov for å sjå på den løysing vi har for vask av klede og maskinpark i vaskerommet.

5.4.5 Ø.3.Båt

ØBR har ein båt (Ø3BÅT) som ligg på sjø året rundt. Denne er nylokalisert til Hjeltefjorden Båtlag, som er etablert på Rong. Båten vert operert av mannskap frå Dalsneset stasjon. Flyttinga frå den gamle lokaliteten til den nye krev tilvenning og nye rutinar for mannskapa.



Målet er at flyttinga mellom anna skal gje betre tryggleik mot tjuveri, noko vi har hatt av både båt og utstyr tidligare, og sjølvstakt minst like god operativ kapasitet som tidligare

5.4.6 Nye kjøretøy

I 2016 starta prosessen med utskifting av ein del av dei store kjøretøya våre, og sommaren 2019 vart det lyst ut konkurranse for nye bilar. Hausten 2019 skreiv ØBR kontrakt på levering av to nye mannskapsbilar og to nye tankbilar. Bilane skal leverast ila 2020. Dette er steg 1 i vedteken investeringsplan for Øygarden brann og redning.

Vidare arbeid med kjøretøyutskifting, steg 2 (ref. pkt. 5.2), omhandlar utskifting av dei to store bilane vi har ved Ågotnes brannstasjon, og inneber at mannskapsbilen vert skifta ut med ein ny mannskapsbil og at tankbilen vert erstatta av eit høgdereskap. Dette er i tråd med konklusjonar i den siste ROS-analysen ,og derpåfylgjande vedteken branndokumentasjon.



Bileta viser litt av spennvidda i aksjonar for beredskapsavdelinga

6.0 Førebyggjande avdeling

6.1 Generelt

Avdelinga har ansvaret for det brannførebyggjande arbeidet i kommunen, og vert leia av avdelingsleiaren. Han har det overordna ansvaret for drifta ved avdelinga. Avdelinga skal samla sett ha min. 9,8 årsverk (+ ev. lærling). (Inkludert branningeniøren ved administrasjonsavdelinga). Alle er heiltidstilsette.

Inndeling	Mål for 2020	Måloppnåing
Hovudmål	Arbeide aktivt for å førebygge brann og andre akutte ulykker.	
Sentrale oppgåver	Vidareføre tilbod om brannvernopplæring til 3.- 6.- og 9.- klassar samt førskulegruppene i barnehagane.	
	Vidareføre brannførebyggjande tiltak for flykningar og heimebuande eldre	
	Starte opp brannførebyggjande tiltak retta mot personar med rusproblem.	
	Vidareføre brannførebyggjande tiltak retta mot bustadblokkar/sameige.	
	Vidareføre brannførebyggjande tiltak retta mot forsamlingslokalar.	
	Gjennomføre tilsyn med særskilte brannobjekt iht. plan	
	Gjennomføre tilsyn med anlegg med farlig stoff iht. plan.	
	Saksbehandling av søknader om tillating til sal, oppbevaring og avfyring av fyrverkeri.	
	Delta aktivt i førebyggjande prosjekt gjennom Vest brann- og redningsregion	
	Aktivt bruk av brannbamsen «Bjørnis»	
	Delta i sentralt initierte brannførebyggjande kampanjar som til dømes <i>Brannvernuka</i> , komfyrvaktkampanjen, røykvarslardagen.	
	Gjennomføre feiing og tilsyn med fyringsanlegg nytta til oppvarming av bustader og fritidsbustader.	
	Medverke i Redningselskapet sin «Førebyggjande seilas»	
Kompetanse	Fokus på å utvikle ansatte sin kompetanse gjennom tildeling av oppgåver, kurs, seminar m.m.	
	Fullføre opplæringsansvaret for lærling.	
HMSK	Gjennomføre årssamtalar iht. plan	
	Innføre tiltak for å auke talet på gjennomførte feiingar og tilsyn med fyringsanlegg.	
	Evaluering av det brannførebyggjande arbeidet på avdelinga.	
	Utarbeide ROS analyse med tema soteksponering	
	Leggje til rette for å rapportere og behandle uønska hendingar innan kvalitet i leverte tenester.	

6.1.1 Informasjonsarbeid

Førebyggjande informasjon vert lagt ut på vår nettside og facebook gjennom året. Spesielt vert det sett fokus på fare for utmarksbrannar om våren, brannfare i sommarferien ved bruk av båt, campingbil/-vogn samt grilling, bålbreining og auka brannfare i desember med jule- og nyttårsfeiring. Heilt på slutten av året er det fokus på farar forbundet med bruk av fyrverkeri. Elles vert det lagt ut fortløpande informasjon om brannførebyggjande kampanjar vi deltek i gjennom året. Feiarane driv heile året eit aktivt førebyggjande informasjonsarbeid i direkte kontakt med innbyggjarane ved utøving av feie og tilsynstenesta.

6.2 Seksjon for hms-tilsyn og opplæring

6.2.1 Om seksjonen

Seksjonen arbeider med tilsyn, opplæring, kurs, brannførebyggjande kampanjar og prosjekt, og vert leia av ein seksjonsleiar. Ho leier seksjonen, men deltek og i stor grad med gjennomføring av oppgåvene på seksjonen. Det er vidare to branninspektørar ved seksjonen. Alle er heiltidstilsette.

6.2.2 Førebyggjande prosjekt

Førebyggjande avdeling har kartlagt ulike forsamlingslokalar rundt i kommunen. I 2020 er målet å kome i kontakt med eigarar og brukarar av bygga for å vurdere behovet for brannførebyggjande tiltak. Aktuelle tiltak vil være informasjon, samtaler eller tilsyn.

Dei siste åra er det kome mange bustadblokker i kommunen. Dette er ein relativt ny buform i vår kommune. Mange eldre har flytta frå einestader til slike blokker. Øygarden brann og redning får ei rekkje spørsmål om branntryggleiken i desse blokkane. Vi vil i 2020 søke kontakt med styret i sameige i desse blokkane, for å kunne komme i dialog om deira ansvar for branntryggleiken.

«Sjef i eige liv – brannvern» er eit samarbeid med kommunen med tilbod om heimebesøk hos alle som fyller 75 år i løpet av året. Hensikta med besøket er å kunne gje god rettleiing om branntryggleik i heimen. I bustader der vi finn behov, monterer vi opp røykvarslarar eller komfyrvakter. Tiltaket har vore i samarbeid med Fjell kommune, men vil halde fram i den nye kommunen.

Brann- og redningstenesta har eit samarbeid med Omsorgssjefen om montering av røykdetektorar knytt til tryggleiksalarmen. Kommunen tilbyr alle som har tryggleiksalarm eit heimebesøk av brannvernet kor vi monterer røykvarslarane, og samstundes får ein samtale med bebuaren. Tiltaket starta opp i 2018 i Fjell kommune, og vart utvida med Øygarden (gml.) kommune i 2019. Tiltaket vil bli vidareført i den nye kommunen.

I 2019 inngjekk vi eit samarbeid med Fjell, Sund og Øygarden kommunar, om brannførebyggjande tiltak for flyktningar. Alle flyktningar i kommunane sine program, hadde mellom anna ein dag på brannstasjonen med brannverninformasjon og sløkkjeøvingar. Tiltaket vil bli vidareført i den nye kommunen.

I 2020 ynskjer vi å starte opp tiltak retta mot personar med rusproblem. Desse personane utgjer ei risikogruppe for å omkomme eller bli skadd i brann. Vi vil søke samarbeid med rusomsorgen i kommunen.

6.2.3 Førebyggjande kampanjar

Avdelinga deltar i fleire sentralt initierte førebyggjande kampanjar kvart år. Dette er landsomfattande aksjoner som tar for seg viktige førebyggjande tema. Kampanjane får gjerne god dekning i riksmidia. Nokre av kampanjane er til dømes:

«Røykvarslardagen» er ein landsomfattande aksjon. Aksjonen vert innleia med røykvarslarens dag 1. desember, og følgt opp med frivillige bustadkontrollar utover i desember. Kontrollane består av ein enkel gjennomgang av brannsikkerheten i bustaden. Vi held og stand på ulike kjøpesentre i kommunen for å treffe publikum, og kan då svare på eventuelle spørsmål om brannførebygging.

«Brannvernuken» med open brannstasjon, vert gjennomført kvart år i september. Her har vi ulike stands og aktivitetar for born og vaksne. Vi vekslar på halde open stasjon på Dalsneset/Skogsskiftet og Ågotnes.



Open dag. Her frå Ågotnes brannstasjon 2019

Komfyrvaktkampanjen har fokus på brannfare ved matlaging på komfyren. Omlag 45 % av brannar og branntilløp i bustader, er knytt til bruk av komfyren. Vi held stand på kjøpesentre og deler ut kampanjemateriell.

6.2.4 Tilsyn med farleg stoff og HMS-tilsyn med særskilte objekt

Tilsyn med farleg stoff, vert gjennomført i medhald av, og i samsvar med, brann- og eksplosjonsvernlova. Tilsyna har hovudfokus på dokumentasjon av tryggleiken ved anlegga. Det er planlagt 16 tilsyn på anlegg med farlig stoff i 2020.

Særskilte brannobjekt er inndelt i følgjande kategoriar

A-objekt: bygningar og område hvor brann kan medføre tap av mange liv.

B-objekt: bygningar, anlegg, opplag og tunneler o.l. som medfører særlig brannfare eller fare for storbrann.

C-objekt: viktige kulturhistoriske bygningar og anlegg

Tilsyn i særskilte brannobjekt er risikobasert. Gjennomføring og prioritert på bakgrunn av:

- a) risikoen for tap av liv og helse
- b) risikoen for tap av materielle og kulturhistoriske verdier
- c) risikoen for samfunnsmessige konsekvenser
- d) risikoen for brot på førebyggjande plikter
- e) effekten av tilsyn samanlikna med andre førebyggjande tiltak.

Det er per. 7.11.2019 registrert 122 særskilte brannobjekt i kommunen. Vi gjennomfører i mange tilfelle separate tilsyn med eigar og brukar av bygga. Talet på planlagde tilsyn ligg mellom 140 og 160 tilsyn i 2020.

6.2.5 Brannvernopplæring for barn og unge

Barnehagar har ståande tilbod om å komme på besøk på våre brannstasjonar med sine førskulegrupper. Dei vil dei få brannvernundervisning, spyle med brannslange, sjå på utstyr og bilar, møte og helse på brannbamsen *Bjørnis*, og kjøre ein liten tur med brannbilen.



Brannbamsen *Bjørnis*, deltar aktivt i det førebyggjande arbeidet

Vi tilbyr og brannvernopplæring for alle 3. -, 6.- og 9. klassar i kommunen. For 3. klasse har vi eit opplegg vi kallar «Hemmeleg agent 110». Då er vi inne i ein skoletime og snakkar om brannsikkerhet i heimen. Alle elevane får utdelt ein sjekkliste til bruk i heimen.

For 6. og 9. klasse har vi 2 timar opplæring med brannteori og praktiske sløkkjeøvingar. Innhaldet av brannteori vert tilpassa aldersgruppa.

6.2.6 Fyrverkeri

Pr. 31.10.2019 er det 21 godkjende utsalsstader for fyrverkeri i kommunen. Det vert gjennomført tilsyn med alle utsalsstader i tida det er lov å selje. Kontrollen skal avdekkje eventuelle brot på vilkåra for løyve til sal og oppbevaring.

6.2.7 Sal av kurs

Førebyggjande avdeling tilbyr kurs innan førstehjelp og brannvern. Vi tilpassar innhaldet i kursa etter ønskje og behov.



Øygarden brann og redning, leverer brann- og førstehjelpskurs

6.3 Seksjon for feiing og tilsyn med fyringsanlegg

6.3.1 Om seksjonen

Seksjonen har ansvaret for feiing av røykpiper, og tilsyn med fyringsanlegg i både heilårsbustader og fritidsbustader. Feiing og tilsyn vert gjennomført med frekvens basert på ei risikovurdering. Seksjonen vert leia av ein seksjonsleiar (feiarmeister), som har som hovudoppgåve å leie seksjonen, men han deltek også i noko feiing og tilsyn med fyringsanlegg. Det er fire feiarsveinar. Alle er heiltidstilsette. ØBR er godkjent opplæringsbedrift, og har frå tid til anna ein feiarlærling under opplæring.

6.3.2 Feiing av røykpiper og tilsyn med fyringsanlegg

Feiing og tilsyn med fyringsanlegg vert gjennomført i medhald av, og i samsvar med, brann- og eksplosjonsvernlova. Førebyggjande forskrift har innført krav om gjennomføring av feiing og tilsyn også i fritidsbustadar. Det er om lag 3 100 fritidsbustadar i kommunen. Kartlegging av fritidsbustadar, som har fyringsanlegg, vart starta i 2019 og vil bli fullført i 2020. Feiing og tilsyn med fritidsbustader starta opp i 2019. Det er eit omfattande og tidkrevjande arbeid å nå ut til alle fritidsbustadene.



Inspeksjon av eldstad
Fotograf: Kjell Jøran Hansen, NRK Hordaland

6.3.3 HMS- soteksponering


Seksjonen vil i løpet av 2020 gjennomføre ein risiko- og sårbarhetsanalyse med særleg fokus på eksponering for sot, samt tiltak for å redusere eksponeringa.

7.0 Møtepunkt

Møtetype	Deltakarar	Frekvens	Innkallar
Avd.møte – beredskap.	Beredskapsavd. – heiltid	Normalt kvar månad	Leiar beredskapsavdeling
Leiarmøte – førebyggjande avd.	Avdelingsleiar og seksjonsleiarar	Etter behov	Leiar førebyggjande avdeling
Fysisk test	Beredskapsstyrke	1 – 2 ggr per år	Seksjonsleiar beredskap - deltidsstyrke
Helsekontroll	Beredskapsstyrke, feiarar	I høve til alder og funksjon	Personal- og hmsleiar
Informasjonsmøte med tillitsvalde	Tillitsvalde, brann- og redningssjef, personal- og hmsleiar. Avd.lei.ar ved behov	3-4 ggr per år	Personal- og hmsleiar
Internrevisjon	Leiargruppa	1 gang per år	Personal- og hmsleiar
Julesamling	Alle	1 gang per år (2. halvår)	Personal- og hmsleiar
Kvartalsmøte	Alle heiltidstilsette	4 ggr. per år.	Brann- og redningssjef
Leiarfora	Vakthavande brannsjefar og utrykkingsleiarar	Min 2 ggr. per år	Leiar beredskapsavdeling
Leiargruppemøte	Leiargruppa	Normalt kvar 14. dag	Brann- og redningssjef
Leiinga si gjennomgong	Leiargruppa	1 gang per år (etter internrevisjonen)	Personal- og hmsleiar
Stabsmøte – overordna vakt	Vakthavande brannsjefar (5)	Normalt kvar 4. veke	Leiar beredskapsavdeling
Statussamtale	Deltidstilsette, beredskap	1 gang per år	Seksjonsleiar beredskap - deltidsstyrke
Styremøte	Styret, brann- og redningssjef og varabranssjef. Andre ved behov	I høve til vedteken møteplan.	Brann- og redningssjef
Vernerunder	Personal- og hmsleiar, avd. leiarar, HVO, PVO	Årleg	Personal- og hmsleiar
Årssamling	Alle	1 gang per år (1. halvår)	Personal- og hmsleiar
Årssamtale	Alle heiltidstilsette	1 gang per år	Respektive leiar
Årssamtale, oppfølging	Alle heiltidstilsette	1 gang per år	Respektive leiar

8.0 Vedtak

Verksemdsplanen for ØBR KF for 2020 er tilrådd av styret i sak S02/2020, og vedteke av kommunestyret i sak KS98/2020.



www.oybr.no